

TYDELEGE FORMER: Denne modellen viser kor tydeleg krateret på Ritland er. Sjølv om mykje er endra sidan samanstøyten, kan ein framleis sjå restar av det sirkelforma krateret. (Illustrasjon: Fridtjof Riis)

Ritlandskrateret på utstilling

Hjelmeland kommune har opna augo for Ritlandskrateret. I morgon opnar utstillinga om korleis krateret vart til og kva følgjer samanstøyten med jorda fekk.

MORTEN HETLAND
hjelmeland@strandbuen.no

Ritlandskrateret ligg i heia ovanom Vormedalen i Hjelmeland kommune. Meteorittkrateret har ei djupn på 350 meter og ein diameter på 2,5 kilometer, og det vart skapt då ein meteoritt for 500-600 millionar år sidan slo ned i området med ein fart på 20-30 km/s.

Krateret vart oppdaga av Fridtjof Riis i 1999. Riis var første gong på Ritland i 1985, og byrja då å spekulera i kvifor det var fossil i skiferen djupt nede i grunnfjellet. Dessutan hadde grunnfjellet i området fulle av sprekker. Først i 1999 såg han den sirkelforma strukturen til krateret, men eit meteorittkrater kan ikkje provast utan at ein kan påvisa sjokklamellar i kvarts, det vil seia at kvartskrystalla er blitt sprengde på ein særskilt måte som ein ikkje kan sjå elles i naturen.

I 2008 greidde professor Henning Dypvik frå Institutt for Geofag ved Universitetet i Oslo å identifisera sjokk-kvartsen. Då var det ingen tvil om at dette verkeleg var eit meteorittkrater. Strukturen stemde, oppsprekkinga av fjellet og misfarginga av minerala var danna av dei enorme kreftene i nedslaget, og bergarten konglomerat vart danna av ras frå kanten av krateret.

Nummer 179 i verda

Av dei 179 sikre kratera i verda ligg to på fastlands-Noreg, eit på Ritland og eit på Gardnos i Hallingdal. I tillegg har ein stadfesta Mjølnirkrateret på botnen av Barentshavet utanfor Noreg.

Det er ikkje berre Dypvik og Riis som har fått augo opp for Ritlandskrateret. Som det stod skrive i Strandbuen for kort tid sidan er Ritlandskrateret nominert til konkurransen om å bli eit geologisk nasjonalmonument. Dessutan har ei heil rekkje forskarar vitja krateret, og i 2009 vart det sett i gong eit forskingsprosjekt som mellom anna skal danna grunnlag for ei doktorgradsavhandling og to masteroppgåver.

Stad for opplevingar

For å koma seg til Ritlandskrateret må ein først kjøra kring 15 km på bilveg frå Hjelmeland sentrum til Kleivaland, og frå Kleivaland er det om lag to km å gå på skogsveg til krateret. Dermed er krateret godt tilgjengeleg for dei som ynskjer seg ein lærerik fjelltur.

Ved sida av å oppleva sjølve krateret, kan ein på Ritland sjå mykje anna som kan knytast opp mot forsking, undervisning eller friluftsliv. Her er det mellom anna ei stor skiferur med fossil, eit myrområde med spesielle og verna planter, rester etter gruvedrift på kopar sist på 1700-talet, einestående natur med fjell, skog, elver og vatn, ein svært variert flora, miljø kring tidlegare gardsbruk med busetjing frå 1400-tallet og variert kulturlandskap. Gjennom Ritland gjekk også ein av dei gamle fjellvegane mellom Ryfylke og Setesdal, og i dag er Ritland framleis innfartsåre til Melands Grønahei og Ryfylkeheiane.

Sommarutstilling

Hjelmeland kommune har fått Naturekspo til å forma ut ulike presentasjonar av krateret, og på sponsorlaget har kommunen fått med seg Ryfylkefondet og Rogaland fylkeskommune, som i grove trekk har finansiert heile utstillinga.

Kulturleiar i Hjelmeland kommune, Eldfinn Austigard, vonar at publikum set pris på utstillinga som opnar saman med årets Sommarutstilling i Spinneriet i morgon.

– Det vil bli hengt opp rikeleg med faktainformasjon på ulike plakatar. På ein interaktiv skjerm skal publikum kunna velja kva dei vil ha informasjon om. Elles skal det stillast ut ein modell av terrenget på Ritland. I tillegg til grafiske presentasjonar vil me leggja fram ein del konglomeratstein frå krateret. Desse steinane er delte i to, slik at publikum kan sjå tverrsnittet av dei, fortel kulturleiar Austigard til Strandbuen

– Totalt sett vonar me at dette skal kunna gje utførleg informasjon om kva som skjedde frå meteoritten skar ut til han trefte Ritland, avsluttar Austigard.

JUNI-TILBUD PÅ GJØDSEL
PRIS PR. TONN EKS. MVA.
LEVERES I 500 KG. STORSEKK
Ammoniumnitrat 34.4%
1.790
CAN 28-0-0
(Kalkamonsalpeter 27,5% nitrogen + 3,5% CaO og 4% Mg)
1.890
I tillegg kommer vanlige kvantumsrabatter på inntil 3%. Alle kjøp inngår i årsbonus. Frakt kommer i tillegg.
Fiskå Mølle
Fiskå tlf. 51 74 33 00
Forus tlf. 51 44 42 55



OPPDAGAREN: Dei siste 8-10 åra har geolog og heiatravar Fridtjof Riis avlagt mange besøk i Ritlandskrateret. (Foto: Anne Kari Skogerbø)



RITLANDSKRATERET: For 500-600 millionar år sidan slo ein meteoritt ned med ein fart på 20-30 km/s, og skapte Ritlandskrateret i Vormedalsheia. (Foto: Anne Kari Skogerbø)